



HØGSKULEN I VOLDA

Leiinga

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Jopllassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Til mottakarliste

Referanse: 21/01224-1

Dato: 14.09.2021

Høyringsbrev

På vegne av høgskulestyret sender direktør med dette utkast til ny strategi for Høgskulen i Volda 2022-2029 på høyring til alle einingar ved Høgskulen (avdelingar, institutt, seksjonar og kontor), tilsette sine organisasjonar, Studentparlamentet, avdelingsråd og Studentsamskipnaden i Volda. Sjå vedlegg.

Eg ber om at høyringsinnspel blir **levert i P360 sak 21/01224 innan torsdag 7. oktober.**

Høyringsinnspela vil bli drøfta i styreseminar 20. oktober.

Prosess fram mot dette utkastet

I mars og april blei det gjennomført verkstader for tilsette, studentar og eksterne. Det kom inn mange gode innspel som vi har arbeidd vidare med.

Styret har hatt eit digitalt styreseminar i april, eit fysisk heildagsseminar i juni og eit halvdags fysisk seminar i etterkant av styremøtet 9. september der innspela vart diskutert. Mellom desse møta har det vore arbeidd både i arbeidsgruppa for strategiprosessen der alle avdelingane har kvar sin representant, i rektor si leiargruppe og i ein redaksjonskomité som styret sjølv sette ned for å arbeide med teksten og førebu styreseminara. I redaksjonskomitéen har dekan Randi Bergem vore med som representant for leiinga. Prosjektleiar Joakim Yksnøy Rødven og direktør har vore med i alle fora for å dokumentere og sikre ei raud tråd.

Før vi starta med strategiarbeidet laga vi ein struktur for strategien, der vi ønska å jobbe med ambisjonar og strategiske satsingsområde for dei fire områda: Utdanning; Forsking og utvikling; Samfunnsdialog og kunnskapsdeling; og Kultur og menneske. Dette etter modell frå den førre strategien til HVO. I verkstadene for tilsette presenterte vi eit førebels forslag til ambisjonar for kvart område, og de fekk kome med innspel til strategiske satsingsområde. I verkstaden for studentar var det fokus på læringsmiljø og utdanning.

Etter kvart som styret har arbeidd med strategien har ein sett at det ikkje nødvendigvis gav meining å sette eit klart skilje mellom desse områda. Utdanning, forskning og formidling heng tett saman, og det er meir naturleg å sjå spørsmål på tvers. Styret har derfor valt å gå bort frå denne inndelinga.

Sjølv om strukturen ikkje er den same som de arbeidde med i verkstadene, er det framleis mykje i innspela som er med. Totalt kom det innspel frå 13 ulike grupper av tilsette i verkstadane, så det er klart av det har vore eit omfattande grunnlagsmateriale der det ikkje er mogleg å få med alt. Arbeidsgruppa har strukturert innspela og markert innspel som fleire har kome med. Nokre innspel har vore på handlingsplannivå, og desse vil bli med i det vidare arbeide med handlingsplanar til våren.

Styret har fått innspela i forkant av diskusjonane, og har også tatt ein sjekk i etterkant for å sjå om det er noko i innspela ein ikkje har fått med seg. Sjekken i etterkant synte at det er stor tematisk overlapping mellom dei strategiske satsingsområda styret samla seg om og det som mange spelte inn i verkstadane.

Dersom de ønskjer å sjå dei samla innspela som kom inn i verkstadane, er oppsummering av innspela lagt ved i denne høyringa.


Tidshorisont på strategiplanen

Styret har også revidert tidshorisonten samanlikna med det som var tenkt i utgangspunktet. I staden for å ha ein 4-årig plan, har styret valt ein to-delt tidshorisont. Visjon, verdiar, profil og vårt grunnleggjande samfunnsoppdrag er langsiktig, og det er ikkje føremålstenleg å endre dette kvart fjerde år. Også dei overordna ambisjonane bør vere langsiktige. Det grunnleggjande oppdraget for UH-sektoren er stabilt på tvers av politikk og samfunnstrender, og ambisjonane er vår tolking og konkretisering av samfunnsoppdraget. Dei skildrar verksemda vår ved utgangen av strategiperioden, og handlar i stor grad om kva vi meiner må vere på plass for å ha ei solid fagleg verksemd som oppfyller samfunnsoppdraget. Styret har derfor valt eit tidsperspektiv på 8 år, 2022-2029, på desse områda.

Samstundes skjer det mykje både politisk og i samfunnet i løpet av ei 8-års horisont, og det er behov for å bli meir konkret i ein mellomlang horisont. Dei strategiske satsingsområda seier noko om kva vi ønskjer å prioritere høgast dei næraste åra for å bidra til å nå dei langsiktige ambisjonane. Dei er definert for ein 4-års periode, og vil bli revidert midtvegs i strategiperioden 2022-2029.

Planstrukturen for HVO er illustrert i denne figuren:

Planstruktur HVO



Utfordringsbildet

Som grunnlag for strategidiskusjonane nytta styret ein del tid i starten på å diskutere utfordringsbildet for sektoren generelt og Høgskulen særskild framover.

På sektornivå ser styret mellom anna følgjande sentrale utfordringar:

- Samansettinga av studentane er i endring
 - Fleire vil studere heile livet og krava til fleksibilitet aukar
- UH-sektoren er endra
 - Statlege høgskular kan kome under press mellom ei større gruppe universitet og satsing på fagskulane.
 - Meir konkurranse om både midlane og studentane
- Digitalisering skapar auka forventningar til UH-sektoren

For Høgskulen ser styret mellom anna følgjande sentrale utfordringar:

- Vi må bli endå tydelegare på faglege kjerneområde for å ikkje bli sårbare.
 - Det er krevjande for ein liten institusjon å bygge solide fagmiljø på mange områder. Fag må ligge i botn. Dette tar tid å bygge.
- Vi må forske, publisere og formidle meir
- Vi må ha eit læringsmiljø og undervisning med høg kvalitet og lav inngangsterskel.
- Vi må ha eit bevisst forhold til kva type studentar vi aukar på (heiltid/deltid, campus/andre), og kva konsekvensane er for høgskuleområdet og ressursbruken – fagleg og administrativt.

Spørsmål styret ønskjer innspel på i høyringsrunden

Styret vil streke under at det utkastet som no blir sendt på høyring ikkje er sjå på som eit ferdig gjennomarbeidd forslag frå styret. Styret har tru på at planen går i rett lei, men det står framleis att diskusjonar kring formuleringar og innhald. No ønskjer styret innspel frå dykk for å kvalitetssikre og vidareutvikle strategiutkastet.

Styret ber om at de i drøftingane om strategien vurderer strategien frå eit heilskapleg HVO-perspektiv. Sjå for dykk at de er styremedlemmer ved Høgskulen i Volda; kva meiner de bør vere strategien for Høgskulen i Volda dei neste åra?

Styret ønskjer mellom anna innspel på følgjande:

1. Er vi ambisiøse nok, men og realistiske nok, både i eit 8-års perspektiv (ambisjonane) og eit 4-års perspektiv (strategiske satsingsområde)?
2. Gir ambisjonane og dei strategiske satsingsområde ei tydeleg nok retning for utvikling av Høgskulen i Volda dei neste åra?
3. Kva er viktigast for HVO å prioritere for å nå ambisjonane og dei strategiske satsingsområda?
 - a. Har de innspel til korleis ein bør prioritere underpunkta under dei strategiske satsingsområda, eller har det innspel til andre punkt som bør med?
4. Engasjerer strategien tilstrekkeleg, og er det noko i strategien som kan løftast fram for å skape eit felles engasjement i organisasjonen og omgjevnad?
5. Er utvalde omgrep styret har vald å bruke forståelege og føremålstenlege
 - a. Kjerneutdanningane: Med dette meiner styret dei utdanningane vi meiner er avgjerande for å sikre Høgskulen sin drift på lang sikt, enten fordi dei har høg politisk prioritert, utgjer ein stor økonomisk andel, har mange studentar og/eller er profilmag nasjonalt. Er det andre omgrep enn «kjerneutdanningane» som betre dekkjer det vi legg i dette?
 - b. Studentaktive arbeidsmåtar: I sektoren er studentaktiv læring mykje nytta, men styret meiner studentaktive arbeidsmåtar er eit betre omgrep for det Høgskulen kan leggje til rette for.
 - c. Relevant digital kompetanse: Er digital kompetanse som ein del av utdanningane så sjølvstøtt at dette ikkje treng å stå spesifikt? Ordet relevant er tatt med for å synleggjere at HVO ikkje har ansvar for digital kompetanse generelt, men for å gi studentane digital kompetanse på sine fagområde.
 - d. Er det andre omgrep i utkastet til strategiplan som er vanskeleg å forstå eller uklare?
6. Er det noko vi ikkje har med i strategien, som burde vere med?

Styret ser fram til gode innspel, både på desse spørsmåla, og andre innspel de måtte ha. Høyringa er sendt til alle einingar under dekan/direktør, men for at mengda høyringsinnspel skal vere handterleg for styret er det flott om under-einingar har moglegheit for å gå saman i felles uttale.

Med helsing
Karen Lomeland Jacobsen
Direktør

Mottakarliste**Avdeling for kulturfag:**

Unni Hagen - dekan
Vibeke Preus - seksjonsleiar
Sissel Midtliid -seksjonsleiar
Einar Løken – seksjonsleiar
Elizabeth Anne Oltedal – seksjonsleiar
Kristine Sævik Bjørneset - administrasjonsleiar
Kjetil Laurits Høydal – leiar avdelingsråd

Avdeling for mediefag:

Kate Kartveit – dekan
Jens Standal Groven - instituttleiar
Hans Martin Dypvik - instituttleiar
Dag Svein Roland – instituttleiar
Marit Gridseth Flø – administrasjonsleiar
Irene Hillestad – leiar avdelingsråd

Avdeling for samfunnsfag og historie:

Randi Bergem – dekan
Nils Magne Magerøy - instituttleiar
Ola Teige - instituttleiar
Knut Hunnes – instituttleiar
Kjell Einar Dagfinrud - kontorsjef
Håkon Bø – leiar avdelingsråd

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning:

Arne Myklebust – dekan
Bente Mari Afset - instituttleiar
Kari Leikanger Buset - instituttleiar
Hjalmar Trond Eiksund - instituttleiar
Torbjørn Frantsen - instituttleiar
Oda Heidi Bolstad – instituttleiar
Torgeir Parr Dimmen - instituttleiar
Tor Ose - kontorsjef
Knut-Willy Sæther – leiar avdelingsråd

Fellesadministrasjonen:

Stig Flåskjer – IT-sjef
Gonnie Smit – Studiedirektør
Randi Lisbet Urke - Personalsjef
Henriette Hafsaas – Forskingssjef
Mona Iren Auganæs - Biblioteksjef
Ingunn Welle - Økonomidirektør
Line Lauvsnes Oddekalv - Kommunikasjonssjef

Hovudtillitsvalde:

Bjørn Gunnar Tafjord - Forskerforbundet
Bernt Olav Øvregaard - Akademikerne

Leiinga

Vår dato

Vår referanse

14.09.2021

21/01224-1

Sylvi Marie Gulla Hovdenakk - NTL
Torbjørg Bakke – Utdanningsforbundet

Studentparlamentet:

Marit Aklestad

Studentsamskipnaden i Volda:

Jan Henning Egset